



COWI AS  
Hogne Høysæter

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
20/4923 - 3 / BBS

Dato:  
18.01.2021

## Ferdigattest -til teknisk VA anlegg - Bergsvik fritidsbustader - Gbnr 157/5 , 6 og 59

**Administrativt vedtak. Saknr: 17/158**

Vi syner til søknad motteke den 09.12.2020

### Vedtak

**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.**

### Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om ferdigattest for Teknisk VA anlegg på gbnr. 157/5,6,og 59 på Bergsvik.

### Vedlagt i søknad frå COWI følger følgjande dokument:

- 1) *Søknad om ferdigsattest.*
- 2) *Gjennomføringsplan*
- 3) *Kart over eiendom, Bergsvik hyttefelt VA-anlegg.*
- 4) *Innmålings rapport med sosi fil.*
- 5) *Tekniske teikningar*

Dei kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har dei kontrollansvarlege stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Anlegget si plassering er dokumentert. Kommunen har fått oppdatering for kartverket.

Anlegget eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.  
Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**  
COWI AS